

# Fitjar-Posten

FEBRUAR 2006 • nr. 2 • Årg. 2 • Gratis marknadssavis for Fitjar

**For Fitjarfolk**

**“godt SAGT**

*“Den som sløser bort dagen med å snakke om gårdsdagens seire, har ingenting å snakke om i morgen”*  
KINESISK ORDTAK

**Næring:** Frå India for forskingskip side 6

**Næring:** Katamaranar hos Kvernenes side 5


**Kultur:** Respektert designar side 8-9

**Hugs målaravlesinga**

1. februar

Ring gratis grønt nummer:

**800 55 223**  
mellom 30.01 og 3.02



KAN NÅ

LANGT

Foto: Håkon C. Hartveit



Foto: www.vestbostadonline.no

## Prisvinnar på Idrettsgallaen

Mariann Vestbøstad sine prestasjonar i symjebassenget har ikkje gått upåakta hen. Laurdag 7. januar vart ho prisvinnar saman med andre toppidrettsfolk på den TV-sendte Idrettsgallaen frå Hamar.

side 3



## Kongegull til Arne og Karl

Svært velfortent var det då Arne Vik og Karl Sandvik 13. januar fekk kongegull for å ha bygd opp eit to-mannsføretak til eit verdsomspennande firma.

side 14

**TANNLEGE**  
i Fitjar - Larsenbygget



**Aslaug Emmerhoff**  
Tlf. 53 49 70 65

**jokeri**

Daglegvarer,  
gåveartiklar.

Opningstider: 9 - 18 (15.30)

**Joker, Rydland**  
Tlf. 53 49 74 40

**ODDVAR  
VOLDEN**

**Transport  
Kraning**

5419 Fitjar  
tlf.: 53 49 74 66  
mob.: 945 65 225

**GOLDWELL**  
PROFESSIONAL HAIRCARE

**LINDA FRISØR**

**DAME OG HERRE  
FRISØR**



**Turbo Tan Solspray**  
gjev ein flott, naturleg  
brunfarge på eit par minutt.

Tlf. 53 49 79 72  
Mob. 976 11 011

PS: Me lagar hol i øyre og nase

D  
R  
O  
P  
I  
N

## 4 på FITJAR

Ørjan er vidare i Idol, men kor langt kjem han?

Me spurde trenaren og nokre av fotballkompisane på A-laget til Fitjar om kva dei trudde?



## Dicki Stensohn

–Har ikkje så mykje greie på Idol, men eg har alltid hatt tru på Ørjan. Håpar han kjem langt.



## Åsmund Sørfont

–Har god tru, eg. Trur han kjem mellom dei ti.



## Kjell Træet

–Trur han kjem langt. Åtandeplass eller betre.



Kjell Magne Hallaråker –Eg trur han gjer det veldig bra. Nummer 7.

## : leiar

## Mykje positivt for Fitjar

Det nye året har starta med mykje positiv Fitjar-omtale. Ikkje berre i Fitjarposten, men òg i andre media. Arne Vik og Karl Sandvik har fått velfortent kongegull.

Mariann Vestbøstad vann pris under den store Idrettsgallaen på Hamar, Ørjan Hatlevik har allereie vist ein fin figur i Idol – og mange fitjarfirma gjer det svært bra for tida.

Me kan vel våga å gle oss – bitte litt?

*Hakon C. Hartvedt*

## : smått OM STORT

Per Øyvind Henriksen:

## Med eigen CD

Mange fitjarbuar har gledd seg over Per Øyvind Henriksen sitt flotte piano- og keyboard-spel.

Likeins den nære og uttrykksfulle songen hans. No har rett nok Per Øyvind og Nina Susanne busett seg på Sørlandet, men høyre han kan me likevel – på CD.

I desse dagar er Per Øyvind nemleg på marknaden med produksjonen "Takk skal du ha Jesus". Og det er takken som



pregar denne nære og oppbyggjelege CD'en som du kan få kjøpt i SunnBok (tidlegare Bok og Media) på Stord.



## Ingmund Bjordal

som me skreiv om i sist nummer, vil vera veldig glad om nokon som har gamle postkort frå Fitjar tek kontakt med han. Tlf. 53 4 999 52

## ☎ telefonregister

Bensinstasjonen .....	53 49 89 00	Media Consult AS....	53 49 74 86
Beron .....	53 49 88 00	Mobil .....	481 51 491
Cafe Annemor .....	970 45 433	Odd Larsen AS .....	53 45 75 05
Fitjar Treningsenter.	53 49 90 69	Posten .....	810 00 710
Fitjar pizzeria .....	53 49 82 00	Solblomsten .....	53 49 90 95
Fjordnett internett..	53 49 95 00	Spar, Fitjar .....	53 45 75 10
Husflidskroa .....	53 49 79 60	Stord Videokiosk....	53 49 77 22
Hårloftet .....	53 49 78 90	Tannlegen .....	53 49 70 65
Knut L. Rydland.....	53 49 73 07	Taxi .....	53 49 91 00
Lakkering .....	905 87 626	Thea Træet AS .....	53 49 71 61
Linda Friso .....	53 49 79 72		
M. Aarskog, blomar .....	53 49 77 15		

Ønskjer du å vera med på denne lista. Ring Hakon: 481 51 491

## : da skjer på fitjar

- 28.01 Basar, Fitjar bedehus, Norsk misjon i øst
- 29.01 Høgmesse, Fitjar kyrkje, kl. 11.00
- 05.02 Høgmesse, Fitjar kyrkje, kl. 11.00
- 05.02 Kyrkjelydens årsfest, Fitjar bedehus, kl. 17.00
- 06.02 Hobbykveld for vaksne, Fitjar bedehus, kl. 20.00
- 08.02 Jonsereid sagsak, Larsenbygget, kl. 18.00
- 12.02 Familiegudstene, Fitjar kyrkje, kl. 11.00
- 10-12.2 Mx-sport cup (Nærare opplysningar i neste nr.)
- Innandørsturnering i fotball. Natt og dag-cup
- Start fredag kl. 18.00
- 14.02 Swix smørekurs, Larsenbygget, kl. 18.00
- 15. 02 Hugsar du ? Songtreff på Cafe Annemor, kl. 18.30
- 16.02 Kurs i interiørmaling, Larsenbygget, kl. 18.00
- 16.02 Framneskveld, Fitjar bedehus, kl. 19.00
- 19.02 Høgmesse, Fitjar kyrkje, kl. 11.00
- 19.02 Årsmøte indremisjonen, kl. 18.00
- 20.02 Liberon møbelbehandling, Larsenbygget, kl. 18.00
- 21.02 Årsmøte i Fitjar bedehus
- 26.02 Gudstene, Dåfjord bedehus, kl. 11.00
- 01.03 Gudstene, Fitjar kyrkje, kl. 19.30
- 05.03 Høgmesse, Fitjar kyrkje, kl. 11.00

(Har du eit arrangement som du vil ha med på "Kva skjer?..?" Ring 481 51 491, eller send e-post til: hakon@fitjarposten.no. Frist for å få arrangement med i februaravisa 18. februar. Red.)

## Faste arrangement:

## MANDAGAR

Gubbatrim, Kulturhuset, kl. 20.15  
Friidrett, Kulturhuset, kl. 20.30  
Fitjar pensjonistforening, kl. 18.00  
på Fitjar bedehus (3. måndagen i månaden)

## TYS DAGAR

Seniordans, Rimbareid skule kl. 17.00 (oddetsveker)  
Idrettsskolen, 2.-3.kl. Gymsalen, Rimbareid skule, kl. 18.00  
Idrettsskolen, 4-6.kl., Gymsalen, Rimbareid skule, kl. 19.00  
Fellesjogging i Idrettsparken, kl. 20.00  
Øving i Fitjar musikkforening, Fitjar bedehus, kl. 19.30  
Skolelaget, Fitjar bedehus (Annankvar tysdag), kl. 19.30

## ONSDAGAR

Vaffeltreff, kl. 10.00 – 12.00. 1. og 3. onsdag i månaden.  
Ope hus for ungdom, Kulturhuset, 18.00 -22.00  
Linedance, Fitjartun, kl.19.00  
Elleville husmødre, Volleyball, Rimbareid skule, kl. 20.00

## TORS DAGAR

Babysong og småbarnstreff, Fitjar bedehus, kl. 10.30-12.00  
Fitjar barnespel, Fitjar bedehus, kl. 17.30  
Fellesjogging i Idrettsparken, kl. 20.00  
Aker-fotball i Kulturhuset, kl. 20.30

## FREDAGAR

Fredagsturen, Kulturhuset, kl. 10.00  
KRIK, Kulturhuset, kl. 20.00  
UCAF, ungdomskafé, Fitjar Bedehus kl. 22.00–24.00

## LAUR DAGAR

Finn på noko gøy :) - TIPS oss!

## SØNDAGAR

Møte i Fitjar og Øvrebygda bedehus kl. 19.30  
Om ikkje anna tidspunkt er kunngjort.

(Har du eit arrangement som du vil ha med på "Kva skjer?..?" Ring 481 51 491, eller send e-post til: hakon@fitjarposten.no. Frist for å få arrangement med i februaravisa 15. januar. Red.)



Tipstelefon: 481 51 491

Neste avis kjem 04.03 Annonsefrist: 18.02

www.fitjarposten.no

# Ørjan

– ein av favorittane?

Ørjan Hatlevik har allereie peika seg ut som ein av favorittane under årets IDOL på TV2. I alle høve om me vel å tolka det som så langt er sendt på TV i den retninga me ønskjer.

Ein heil dag fekk me sjå Ørjan åleine under denne kanalen sin eigen reklame for dette svært så populære programmet, og han er også presentert i radio som døme på ein som syng svært bra. I tillegg har òg pressa dei siste dagane laga omfattande reportasjar om han.

Difor må me ha lov til å tenkja desse tankane utan å vita noko som helst om kor langt han eigentleg vil nå. Potensialet til å nå langt er absolutt til stades, sjølv om ingen veit kor haren hoppar, eller korleis TV-sjåarane vil stemma i vekene som kjem.


## – Tilfeldig at han blei med

Ørjan sjølv tar det heile med stor ro. I utgangspunktet var heller ikkje IDOL noko han hadde planlagt å vera med på. – Eg hadde aldri kome til å melda meg på sjølv, seier Ørjan som dette året går på Solborg folkehøgskule i Stavanger, og fortset: – Men åtte andre i klassen drog meg med. Det var 190 foran meg i køen, og eg fekk beskjed om at eg ikkje fekk syngja. Men så ropte dei

opp: "Nummer G 30 til G 40 over 18." Ei jente på skulen hadde eit av desse nummera, men ho var ikkje over 18, så ho gav meg lappen sin, og medan andre hadde stått i kø i mangfaldige timar, hadde eg på denne måten kjempeflaks og slepte til etter ein halvtime.

Det gjekk bra, eg gjekk vidare og fekk beskjed om å koma igjen søndagen for å syngja for den eigentlege juryen. – Kommentaren frå dei var at sjølv om framføringa var noko stiv, hadde eg ein så kul stemme at dei absolutt ville senda meg vidare. Overraskande for juryen, og kanskje for meg sjølv òg, spratt eg ikkje i veret av jubel. Og dei lurte på om eg ikkje var glad. Men visst var eg det. Det var jo fantastisk å få vera blant dei hundre som var igjen etter at rundt 8000 hadde meldt seg på, fortel Ørjan.

Korleis det har gått vidare, kan me ikkje i skrivande stund seia noko om. Men ikkje vert me overraska om guten frå Fitjarstølane vil nå langt, svært langt.



IDOL: Ørjan Hatlevik fossar fram i Idol Foto: Håkon C. Hartvedt



PRISVINNAR: Under Idrettsgallaen laurdag 7. januar vart Mariann Vestbøstad tildelt prisen «Årets funksjonshemmede» utøvar. Fitjarposten gratulerer! Foto: Håkon C. Hartvedt

# – Gratulerer!

– Heilt utruleg. For eit par år sidan hadde Mariann Vestbøstad knapt konkurrert i symjing. Laurdag 7. januar mottok ho prisen som "Årets funksjonshemmede utøvar" under den store idrettsgallaen på Hamar.

– Det er framleis svært stort at eg på denne måten fekk eit synleg teikn på at eg betyr noko for både symjeidretten og handikapidretten. I byrjinga var det heile litt uverkeleg, men no har det etter kvart gått opp for meg. Og det er kanskje ikkje så rart heller når blomane strøymer på, og eg blir møtt med gratulasjonar overalt, smiler Mariann som like fullt har beina trygt planta på jorda.

– I utgangspunktet hadde eg ikkje trudd at eg skulle bli nominert eingong. Så då eg fekk vite det før jul, opplevde eg det som ein stor ære, legg ho til.

## Medaljesjansar i VM og verdsrekordar

Mariann står for tida notert med fire verdsrekordar. I kortbane har ho rekorden både på 50 m butterfly og på 100 m

medley, mens ho på langbane toppar verdsstatistikken på 50 m butterfly og 50 m rygg.

Ingen av desse øvinga er VM-øvingar. Men ho er nær på 100 m rygg. –Eg manglar litt på kondisjonen. Men det jobbar eg med no, og heldigvis er det nesten eit år igjen før VM, seier ho og let oss få vita at ho og vil stilla opp på både 50 og 100 m fri, slik ho gjorde i Aten.

– Og ho går for medalje. Sidan OL i Aten har ho, så langt ho hugsar, persa seg på samtlege distansar, og det er ingen grunn til å tru at framgangen skal stagnera.

– Før VM skal eg mellom anna på treningsleir i Durban (i april) og symja i det same bassenget som VM-konkurransane skal arrangerast i. Ein treningsleir som endar opp med

eit stemne. Slik blir det òg i USA i august. Først treningsleir, og så stemne. Dessutan står òg NM i Kristiansand og nokre opplegg i Skandinaviske land, på programmet.

## Vernepleiarutdanning

Mariann tek for tida hjelpepleiarutdanning ved Høgskulen i Bergen, avdeling Nordnes. Ho har valt å ta studiet over fire år, i staden for tre. Då er ho nokre veker av og nokre veker på, og då går ikkje all reisinga så mykje ut over studiene hennar.

Ordførar Agnar Aarskog har for lengst sendt blommar. Me vil òg gratulere på det varmaste, og lovar å følgje denne fantastiske idrettsjenta vidare, både her i avisa og på Fitjarposten sine nettsider:

[www.fitjarposten.no](http://www.fitjarposten.no)

Me får framleis halda oss til episodar frå arbeidsplassen. I ein periode gjekk det fire skyssbåtar med arbeidsfolk frå Halsnøy, Bjoa, Moster og Tittelsnes til Aker Stord. Desse båtane vart ofte nytta til ymse slags

landbruksprodukt ved kjøp og sal. Ein morgon kom ein nordbygdar som jobba i maleravdelinga, slitande med ein vær som skulle om bord i ein av skyssbåtane. Ute på kaien møtte han ein formann på plate-

verkstaden. – Nei, no Jon er du vorten skikkeleg lat, skal du ha væren til å mala for deg i dag? Svaret kom kontant: Han skal ikkje mala, han skal vera formann.



Lars & Jakob  
skråblikk frå skotet

Legg søndagsmiddagen til vår  
**"SØNDAGSBUFFÉ"**  
**KR. 175.-**

KR. 10.- PR ÅR FOR BARN 3-13 ÅR 0-3 ÅR GRATIS

Fitjarcupen laurdag 11.02.06.

**"BANKETT"**

Ope Hus med pianobar og levende musikk i restauranten

**"HER BLIR DET TRØKK"**

Inngang KR. 150.-

Vi serverer dagens middag kvar dag frå kl. 1530.

**"DAGENS" KR. 120.-**

**"TORS DAGANE" KOMLEBUFFÉ**

KR. 120.- BARN OVER 3 ÅR KR. 45.-

12.02  
**Morsdag**

*Ta med mor på vår  
 utvida morsdagsbuffé!*



Prisar som ein vanleg søndag.  
 Bestilling av bord ring 53 45 77 00



**Fitjar  
 FJORDHOTELL**

E-post: post@fitjar-fjordhotell.no  
 www.fitjar-fjordhotell.no

**Bordbestilling 53 45 77 00**

*Da skjer på Fitjar*

Ditt næraste  
 vidareutdanningstilbod



Vibeke Larsen:  
 - Kjempegøy på  
 barn- og ungdom!



**FITJAR  
 VIDAREGÅANDE SKULE**

Tlf. 53 45 78 00 Faks: 53 45 78 01

**Grillmeny**

Rullekebab Lam Salat, dressing, lammekjøtt	69,-
Rullekebab Kylling Salat, dressing, Kylling	69,-
Rullekebab Vegetar Blandet salat, dressing	39,-
Kebabtallerken Kebabkjøtt, salat, dressing 180 gr. pommes frites, 0,5 l. brus	75,-
Biffsnadder Marinerte biffstrimler, salat, dressing, 180 gr. pommes frites, 0,5 l. brus, bernaisesaus, brød	99,-
Hamburgermeny 150 gr. burger, salat, dressing, tomat, agurk 180 gr. pommes frites, 0,5 l. brus	69,-
Løvstek 150 gr. burger, salat, dressing, tomat, agurk 180 gr. pommes frites, 0,5 l. brus	69,-
Kylling 1/2 Kylling, salat, dressing, tomat, agurk, 180 gr. pommes frites	79,-

**Tilbehør**

Pepperoni/Skinke/Kjøttsaus	15,-
Biffkjøtt/ Kebabkjøtt/Ost	15,-
Grønnsaker	6,-
Dobbel Bunn	15,-

**MANDAG - ONSDAG  
 STOR VALGFRI PIZZA  
 + 1,5 L. BRUS**

**kun 149,-**



**VI SPANDERER  
 EN KOPP KAFFE  
 ELLER SJOKOLADE  
 I MENS DU VENTER.**

**MAKS VENTETID  
 15 MINUTTER.**



ÅPENT ALLE DAGER  
 KL.: 13.00 - 23.00

# KATAMARANBYGGING HOS Kvernenes Båtbyggeri

I løpet av året skal Ole Kvernenes båtbyggeri AS ferdigstille to katamaranar på oppdrag frå Risnes Marinepartner i Sagvåg.

Skroga til dei to katamaranane kjem frå Litauen, og det første vart henta til båtbyggeriet på Kalveid heilt i slutten av november. No har dei allereie fått på styrehus og er i gang med innreiinga av det. Røyropplegget er òg i gang, og etterkvart skal båten gjerast klar med maskin og det heile.

– Me reknar med omlag tre månader med arbeid på kvar båt, så berre desse oppdraga gjev oss arbeid til godt ut på våren, seier Bjørne Kvernenes som fortel at det er første gongen dei har to-skrogsbåtar på båtbyggeriet. Men store oppdrag har dei hatt likevel. Heile åtte redningskøyter har fått nye maskiner om bord hos «Kvednanesen», og dei tre siste av dei blei i tillegg bygd om med ny bru og nytt styrehus her.

–Den store utfordringa med alle desse prosjekta er at me heile tida må tenkje plass og praktiske løysingar, seier Bjørne Kvernenes som synest det er greitt med slike oppdrag som går over tid. Elles tek båtbyggeriet stadig både små og store oppdrag, og har mange faste kundar som kjem for å få hjelp til både eitt og hitt.

Det var i 1948 Ole Kvernenes starta båtbyggeriet på Kalveid, og heile tida har dei jobba med maskinmonteringar. Først på trefartøy som middelstore skøyter, og i dag altså på redningskøyter og katamaranar. Nokre år bygde Kvernenes båtbyggeri fiskebåtar i tre heilt frå grunnen. Den siste av dei var fiskebåten «Asterix» som dei leverte i 1983.



1. Skrog nummer to på veg inn til Kvernenes båtbyggeri. 2. Den første katamaranen har allereie fått styrehus. 3. Noralf Hugøy i gang med innreiinga av styrehuset. 4. Audun Vedøy og Gisle Vestbøstad trivst god med katamaranoppdraget.



**Ole Kvernenes Båtbyggeri AS**

5419 FITJAR • Tlf.: 53 49 90 90

FEBRUAR

2006



**LÅGPRIS**  
 Globe stol m. skammel  
**2.995,-**

**ELANO®**  
 GLOBE KVILESTOL  
 Antikkraud, svart eller okseblod hud/pvc.  
 Stol m. skammel Fagmøbler Lågpris 2.995,-

**Aldringsmalt spisestue Solid 50 mm bordplate!**



**LÅGPRIS**  
 Bord + 6 stoler  
**4.990,-**

**NORE SPISESTUE** Aldringsmalt raud eller sort. Stoff lvar.  
 Bord + 6 stolar Bord 90 x 200 cm. Fagmøbler lågpris 4.990,-  
 Bord + 4 stolar Bord 90 x 150 cm. Fagmøbler lågpris 3.995,-

Stort utval i møblar til heile heimen!



**EL KJEDEN**  
 Du vet hva du får hos kjente

Få fart og  
 spenning  
 rett inn  
 i stua!  
**7.999,-**  
 27" LCD-TV



1600 ømin - energiklasse AAA  
**3.999,-**  
 SJEKK DENNE!  
 inoesit



**599,-**  
 KAKAOMASKIN  
 Kaldt utel? Deilig varm sjokoladedrikk - enkelt og greit.



OL dager i butikken!  
 HD ready  
 Kjøp nå betal om 6 mnd.  
 Utsettelsesgebyr 349,-

**KNUT L. RYDLAND**

**ELKJEDEN**

5419 FITJAR - Tlf. 53 49 73 07



Forskar dr. P. S. Rao var nyleg på Fitjar i samband med at instituttet han leiår, National Institute of Oceanography (NIO), har underskrive ein kontrakt på eit svært avansert forskingskip til India. På National Institute of Oceanography (NIO) jobbar 200 forskarar, og over halvparten har doktorgrad på eit eller anna område innan havforskning. Foto: Håkon C. Hartvedt

## Frå India til Fitjar for **FORSKINGS**fartøy

**Dr. P.S. Rao er forskar ved et av dei største havforskningsinstitutta i verda. Av alle skipskonsulentfirma på kloden, valde dei Vik-Sandvik når eit nytt superavansert forskingskip skulle teiknast.**

Skipet skal utføra målingar i det Indiske hav. Eit havområde som skil seg klart ut i frå Stillehavet og Atlanterhavet med sine lune-fulle monsunvindar som mang ein gong har herja landa i området med flom og anna elende. Nett dette skal dette skipet forska på. For å lære havet endå betre å kjenne og for å gjera tilhøva tryggare, og kunne gje meir presise meldingar om kva havet kan finna på å gjera. Berre langs kysten av India bur det rundt 400 millionar menneske, noko som seier sitt om kor viktig denne forskinga er.

Firmaet til Rao, National Institute of Oceanography (NIO), har då òg som

sitt motto å ” stadig for-betre vår forståing av havet rundt oss og formidle denne kunnskapen vidare slik at alle kan dra nytte av den.”

### Liknande oppdrag i India tidlegare

Når Rao og forskingsinstituttet han jobbar i, tok kontakt med Vik-Sandvik for å be dei om å spesialdesigna dette skipet, var det fordi han kjende til at fitjarfirmaet hadde utarbeidd eit liknande prosjekt for India tidlegare, og såleis synt at dei har den fagekspertisen som skal til i denne samanhengen. –Havforskingseksper-tise, har me sjølv, men korleis denne skal kunne nyttast i

eit skip, ønskjer me at Vik-Sandvik skal hjelpa oss med, seier Rao.

Når det derimot gjeld verftet som skal byggja båten, har han ikkje bestemt seg enno. – Det er det same kor det ligg i verda, berre dei har den ekspertisen, og kan gje oss den kvaliteten, me er ute etter, understrekar han. Og signaliserer med det at Vik-Sandvik har det som skal til på konsulent/designsida.

### Vann ”tenderen”

Oppdraget med det første forskingskipet Vik-Sandvik fekk hand om i India, kom til på den måten at dei vart med på ein ”tender”, ei internasjonal opp-



Rune Risnes er prosjektleiar for begge forskingskipa Vik-Sandvik har designa for India. Foto: Håkon C. Hartvedt

dragsutlysning for å prøva å koma med i biletet når denne kontrakten skulle skrivast.

–Av alle tilboda som kom inn, vart Vik-Sandvik, eit anna norsk firma og eit tysk firma, valde ut fordi

dei scora best på den tekniske delen av tilbodet. Men når òg den kommersielle delen av tilbodet vart vurdert, valde dei å bruke oss, smiler marknadssjef Gunny Sandvik i firmaet her på Fitjar.

# Utruleg praktisk PUMPEBIL



**-Med ei rekkjevidde rundt 24 meter, kan denne bilen levera ferdigbetong rett i forskalinga til folk, smiler dagleg leiar Nils Andreas Brekke, godt nøgd med nyvervinga.**

No kan det altså vera slutt med trillebårslitet når me skal støypa. Det fjernstyrte, avanserte kran- og slangeopplegget på den nye bilen til Fitjar Betongindustri gjer at du kan få betongen nett der du vil ha han. Og sjølv om det er sett timepris for bruk av denne betongbilen, er det utruleg kor mykje du kan få gjort på nokre timar, når betongen sprutast rett på plass. – Er forskalinga på plass før bilen kjem, kan du på denne måten lett få støypt ein kjellarmur på nokre timar, får me vita. Så forferdeleg dyrt er det heller ikkje, i alle fall ikkje om ein tenkjer på trillebår-timane ein brukar for å få utført same jobben.

– Fleire og fleire entreprenørar, og privatfolk, brukar difor heller nokre kroner ekstra for å få utført støypejobben raskt og enkelt, seier Nils Andreas som legg til at bilen vart henta på Austlandet midt i januar. No skal dei bruka litt tid på å ”pynte brura” som Nils Andreas seier det, når han meiner at bilen skal ”shinast” opp litt.

#### Jamn, god utvikling

Fitjar Betongindustri vart starta inst i Breivikjo av Hans Breivik på slutten av 1950-talet. Det var behov for mangt og mykje etter

krigen, og Breivik gjekk i gang med å produsera betongrøyr, kantstein, heller og kumringer. I tillegg køyrde han ut sand, sement og ferdigbetong. Han starta òg tidleg med å laga blokkstein.

I 1988 vart firmaet eit aksjeselskap, og med det vart det eit gradvis generasjonskifte som førte til at Terje Breivik etter kvart tok over bedrifta. I 1997 flytta dei blandeverket ut til Aarskog, og i 1999 bygde dei den nye hallen der. I dag er Nils Andreas Brekke dagleg leiar, og han har òg aksjar i firmaet saman med Terje Breivik og eit par til.

#### Ferdigbetong viktigast

I dag er det ferdigbetong som syt for hovudomsetninga til firmaet, etter at det lenge var produksjonen av kabelkummar som hadde førsteplassen. Men stadig leverer Fitjar Betongindustri òg handels- og byggjevarer til grunnarbeid samt sand, singel, sement, bygningblokker og andre blokkprodukt, belegningsstein, skifer, granitt og brustein.

– Det har vore jamn, god utvikling heile vegen. Med den nye bilen tek me endå eit steg framover, seier Terje Breivik.



Biletet til venstre: Den nye pumpebilen til Fitjar Betongindustri har ei rekkjevidde på 24 meter. Biletet over: Nils Andreas Brekke og Terje Breivik ventar seg mykje av den nye bilen. Rundt halsen har Terje fjernkontrollen som styrer heile kranopplegget. Foto: Håkon C. Hartvedt



FITJAR BETONGINDUSTRI AS

**Fitjar Betongindustri AS**  
Årskog industriområde  
5419 Fitjar

Tlf.: 53 45 72 80  
Fax.: 53 45 72 81

www.fitjarbetong.no  
fitjarbetong@fitjarbetong.no

**Er du medlem av Bokklubben har du møtt på arbeida til Aud Gloppen. I 13 år jobba ho som designar for denne store bokformidlaren, og etter kvart er dottera til Karl blitt ein svært respektert bokdesignar her til lands.**

# Respektert BOKdesignar

**E**tter at ho drog i frå Fitjar har Aud gått to år på «Skolen for grafisk design». Allereie like etter skulen då var ho trygg på at ho ville jobbe med bokdesign.

–Eg syntest det var inspirerende at det var litteratur, og ikkje kva som helst, eg skulle formgje. Og snart 20 år etter er eg like fornøgd med å jobbe med bøker. Litteratur og grafisk formgjeving er ein unik kombinasjon! Å leite seg fram til samklangen mellom innhald og form er stadig like spennande, seier ho til Fitjarposten.

**Frå Cappelen til Blæst**  
Aud fortel vidare at ho jobba ei tid i Cappelen Forlag, før ho hamna i Bokklubben der ho blei i 13 år.

–Det var ein god skule! , seier ho og fortset:

– Bokklubben har gjennom alle år sett verdien av god design og har vore villige til å satse ressursar på å utvikle kvalitetsprodukt. Haldbart papir, godt innbindingsmateriale, gjennomtenkte typografiske løysingar, sydd rygg, leseband med meir. Alt dette kostar, men er

med på å skape varige og vakre bøker, seier ho.

Aud Gloppen meiner vidare at denne måten å tenkje på i dag er under hardt press, noko mellom anna den nye bransjeavtalen har skulda for. Forlaga blir tvinga til i enno større grad å konkurrere på pris (kvalitet og variasjon blir mindre viktig).

–For oss som driv med bokdesign er sjølvsagt dette ei litt trist utvikling. Men biletet er ikkje eintydig, for samtidig blir design kanskje meir enn

nokon gang framheva som eit viktig verkemiddel, legg ho til

### Spennande formgjevingsutfordringar

Aud Gloppen har mest erfaring med å formgje heile bøker. I Bokklubben jobba ho mykje med klassikarane og med større seriar.

–Det handlar om å ta tak i alle elementa ei bok er samansett av; omslaget, bok permen, forsatsen, tittelsida, satsspegelen (måten teksten står på sida) alle dei typografiske detaljane og plas-

seringa av biletstoffet. Eg likar veldig godt å sjå boka som ein heilskap, og ikkje minst er eg oppteken av materialvalet og det taktile som påverkar uttrykket.

Jobbar ein med rein omslagsdesign blir det å tenkje meir plakat, det gjeld å finne fram til eit visuelt uttrykk som raskt fangar interesse. Men smussomslaget har fleire funksjonar; det skal - forutan verne mot smuss og tiltrekkje seg merksemd frå kjøpar/lesar - signalisere genre, og dessutan seie noko om innhaldet

## Smakebitar på Aud sitt design



«Når du held ei fint utforma bok i hendene er den eit resultat av mange ulike fagfolk sin kompetanse...» Aud Gloppen



i boka. Dette er ofte ein ganske vanskeleg balansegang, meiner ho. Me får òg vite at hovudoppgåva med det ho gjer er å lage eit relevant visuelt uttrykk for teksten, men ho må også sørge for at omslaget fungerer i det miljøet det blir sett inn i, anten det er hyllene i ein bokhandel, ein bokkatalog eller på nettet. Kva omslag som sel kan ein alltid diskutere. Eit neddempa uttrykk kan skilje seg tydeligare ut i det visuelle mangfaldet enn eit som ropar høgt, understrekar Aud.

Men Aud Gloppen har gjort meir enn å designa bøker. Mellom anna redesigna ho for eit par år sidan avisa Morgenbladet, og nyleg gav ho det litterære tidsskriftet Vinduet ny form.

#### Utfordringar no

I haust har fitjardesignaren jobba med Bibelselskapet si nye utgåve av Det nye testamentet.

–Å gje seg i kast med dette var ikkje berre enkelt. Naturleg nok er det mange meiningar om korleis denne boka skal sjå ut. Eg prøvde få til ein tekst som

er god å lese, som signaliserer openheit, ikkje distanse, men som samtidig har eit verdig preg. Me valde eit innbindingsmateriale som har ein varme både i fargen og i sjølvstrukturen, seier ho engasjert.

#### Privilegert

–Eg føler meg privilegert som har hamna i dette yrket. Grafisk design krev at ein tek i bruk både analytisk og intuitive sider. Og når ein jobbar med bøker kjem i tillegg den tekstlege dimensjonen. Kvar enkelt tekst krev sin individuelle form. Dess-

utan likar eg det tette samarbeidet som må til mellom redaksjon, setteri, trykkeri og bokbindar, for å få til eit vellukka sluttresultat.

Når du held ei fint utforma bok i hendene er den eit resultat av mange ulike fagfolk sin kompetanse, det er snakk om ein lagsport og ikkje noko sololøp, får me vita.

#### Blæst

Saman med nokre andre grafiske designarar etablerte Aud designfelleskapet «Blæst» i juli 2005. Dei har alle ganske lang

fartstid i yrket, og har dessutan det til felles at dei i hovudsak har jobba med bokdesign.

–Det kjem me også til å fortsetje med, sjølv om me også til dømes designar CD-cover og lagar visuell profilering for ulike føretak, seier Aud Gloppen til slutt.

I Blæst jobbar dei for mange ulike forlag, både med omslagsdesign og med formgjeving av heile bøker.

Av Håkon C. Hartvedt  
hakon@fitjarposten.no





Ope : 9-18(15) Spar: 9-20(18)

APOTEKUTSAL - GRATIS PARKERING - BENSINPUMPER

*Odd Larsen AS*  
53 45 75 10



**SPAR**



Med atterhald om pakkings- og pris endringar.

- du kjenner oss

# WOK AMOK

Lær deg kunsten å wokke av ein meister




Friske grønnsaker er hovedingrediensen i det asiatiske kjøkenet, og woken den viktigaste reidskapen. Men woken passar like godt i det norske kjøkenet - du kan raskt wokke grønnsaker til fiskestykket eller biffen, eller lage heile retten i woken.

Å wokke er ein metode  
- ikkje eit verktoy.

**bama**

LÆR DEG KUNSTEN  
Å WOKKE SLIK  
MESTERKOKKANE PÅ  
RESTAURANT DINNER  
I OSLO GJER DET!

**WOK AMOK** magasinet med tips om wokking og kutting av grønnsaker finn du på Spar. Du kan og laste det ned frå [bama.no](http://bama.no).



Release  
the dragon  
- in your kitchen!



Oppskrifter  
på pakkene



Ole Mokstas AS



Asiatisk helt enkelt!

For informasjon se [www.bluedragon.com](http://www.bluedragon.com)

Markedsføres av Haugen-Gruppen AS Postboks 141, 541 Vestby [www.haugen-gruppen.no](http://www.haugen-gruppen.no)

Ope 9-20 (18)

Det lønar seg

[www.spar.no](http://www.spar.no)

Ope : 9-18(15) Spar: 9-20(18) - DITT NÆRASTE HANDELSHUS! - KVIFOR DRA LENGRE?



Oppe : 9-18(15) Spar: 9-20(18)

APOTEKUTSAL - GRATIS PARKERING - BENSINPUMPER

*Odd Larsen* a.s  
Telefon: 53 45 75 05

# KURSTID!

Kvifor ikkje nytta mørke vinterkveldar til noko fornuftig? ODD LARSEN AS har eit vell av seriøse leverandørar, nokre av desse er villige til å dela sine kunnskapar med oss. **Det er kurstid!**

ONSDAG 8. FEBRUAR KL 18.00

## JONSERED sagkurs

- Gjennomgang av Jonsered sitt spekter av sager
- Verneutstyr og sikkerhet
- Tilbehør
- Stell og vedlikehold



*For alle som har eller skal ha motorsag!*

**Jonsered**

### JONSERED CS2152

Turbosag rask akselerasjon og aggressivt temperament for heiltidsproffar. 57,5 cc, 3,1 hk (2,3 kW) Veil. 5.590,-



No **4.645,-** Jonsered

TIRSDAG 14. FEBRUAR KL 18.00

## SWIX smørekurs

- Smøretips for tur og trening



*For alle som har ski!*



Kun kr. **599,-**

TORSDAG 16. FEBRUAR KL 18.00

## Kurs i interiørmaling

- Nye teknikker
- Fargevalg
- Produktgjennomgang



### NORDSJØ BLANKETT

Vannbasert interiørmaling 1ltr



Kr. **198,-**

tirsdag 20. februar kl 18.00

## LIBERON møbelbehandling

- Restaurering, vedlikehold og overflatebehandling av møblar og interiør.



*Eit interessant kurs for alle som vil pussa opp/ restaurera møblar*

### LIBERON BISTROLAKK 1/4 ltr

Fantastisk lakk m/farge for interiør og møblar



Kr. **125,-**



TORSDAG 9. MARS KL 18.00

## INTERNATIONAL båtbehandlingskurs

- Produktgjennomgang
- Praktisk testing



*For alle båtinteresserte!*

## VÆR TIDLEG UTE!

Me har spesialprisar på bunnstoff og båtbehandling



**International**

**ALLE KURS ER GRATIS!**  
Påmelding vidar@oddlarsen.no eller Tlf. 53 45 75 05



Ope : 9-18(15) Spar: 9-20(18)

APOTEKUTSAL - GRATIS PARKERING - BENSINPUMPER

*Me leverer blomar over heile landet!*



-No har du sjansen til å  
**flørte litt ekstra**  
eller gi merksemd  
til nokon du er  
**glad i.**



**Tør du?**



Valentinsdagen 14. februar

Hugs  
**Morsdag**

12. februar



Ring oss  
53 49 90 95



**Body Builder Shampoo**  
Shampoo for tynt og fint  
hår. "Muskler for håret"

**Body Builder  
Conditioner**  
Gir volume til fint,  
tynt og flatt hår.  
Inneholder bl.a.  
styrkende proteiner.

Inneholder 375 ml

Veil. pris Kr. 189,-

*it's all  
about  
the hair*

**Opningstider**

Mån, tirs, fre.... 9.00-16.00  
Ons, tors..... 9.00-18.00  
Laur..... 10.00-13.00  
(Laurdag kun drop-in)

Tlf. 53 49 78 90

Godt  
Nytt  
år!



**H**os Kaffehuset Friele

har kunsten å foredle kaffe

gått i arv i generasjoner,

helt siden 1799.

Vår erfaring er din

garanti for kvaliteten.

Friele Frokost Kaffe er laget

av naturens edleste kaffe-

sorter fra høylandet i

Columbia og Brasil.



*Foredlet av Norges eldste kaffehus*

S I D E N 1 7 9 9

*Odd Larsen*  
53 45 75 10

**SPAR**



**1,5 l Cola**

pr. ltr 5,00

**750**  
+pant





Ope 9-20 (18)

Det lønar seg

www.spar.no

## BLAD FOR EIN KVAR SMAK!



**Kjempesal på VHS. Kr. 20,- pr. stk.**



Kvardagar: 9.00 - 23.00 - Søndagar: 10.00 - 23.00

Tlf. 53 49 77 22 - Faks: 53 49 77 08

## Sunnhordland Vedlikeholdsservice

Me utfører alt innan vedlikehald  
på bolig, bygg og uteanlegg.

v/ Tormod Bergesen  
Tlf. 53 49 76 23 - Mobil: 950 89 790

## Fitjar Blikkenslagerverksted AS

- Ventilasjon
- Pipebeslag
- Takrenner

v/ Gunnar Bergesen  
Tlf. 53 49 76 53 - Mob. 950 57 023

## Ny kontrakt sikrar arbeidsplassar hos FMV



Fitjar Mekaniske Verksted har inngått kontrakt med District Offshore om bygging av eit plattform forsyningsfartøy for levering våren 2007.

-Kontrakten betyr sikring av arbeidsplassar og vidareutvikling av den lokale kompetansen når det gjeld bygging av avanserte offshorefartøy, sier leiar ved Fitjar Mekaniske, Tore Vik.

Skipet dei skal byggje på verftet i Hamn, er eit supplyskip og er designa av Marin Teknikk AS i Tjørvåg. Skipets lengde er

74,3 meter breidda er 16,4 meter. Det vil bli utrusta med diesel elektrisk framdriftssystem.

Fitjar Mekaniske Verksted skal levere eit tilsvarande fartøy til DOF Rederi til våren. Overbygget til dette skipet er heilt og fullt bygd på Fitjar, og det vil bli kopla saman med skroget når dette kjem frå skrogverftet i Russland utpå nyåret.



FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS  
Tlf. : 53 45 72 00 Faks: 53 45 72 20  
E-post: tore.vik@fmvas.no, - Internett: www. fmvas.no



# Sølv til Trygve

Ved julelunsjen til Vik-Sandvik, vart prosjektleiar i Vik-Sandvik, Trygve Eiken, tildelt medalje, i det han fekk Noregs Vel sin medalje for lang og tru teneste, etter 30 år i firmaet.



# Velfortent heider

Svært hyggeleg og svært velfortent var det at Arne Vik og Karl Sandvik nyleg fekk kongegull for å ha utvikla Vik-Sandvik AS frå å vera eit to-mannsfirma til å vera

eit firma mellom dei fremste i verda på sine spesialområde. Den høgtidsame utdelinga vart utført av fylkesmann Svein Alsaker, og fann stad på Fitjar fjordho-

tell 13. januar. Ordførar Agnar Aarskog roste dei to for det dei har bygd opp i Fitjar, og peika og på at dei har tilført bygda høg kompetanse. Det betyr mykje for bygda.

: smått OM STORT



# Startar Tentreff

Som dei yngste i styret er ungdomsskuleelevane Synnøve Aarskog og Martin Hageberg med på å starte eit heilt nytt ungdomsopplegg i Fitjar bedehus; i det ein no startar opp med Ten Treff. Første samling er laurdag 28. januar, og ungdomane lover kristen formidling med "trøkk i" og mange spennande akti-

vitetar. Eit eige band som av ungdomsskulelevar vil òg trå til under desse samlingane i ungdommestil.

– Det er kjempebra at me får disponere heile huset på desse samlingane. Det gjev oss mange spennande moglegheiter med omsyn til matlaging og aktivitetar,

pluss at det blir ein heilt anna fart i musikken når me kan bruka mikrofonar, seier Synnøve og Martin, som begge gler seg stort til starten.

Med seg i styret har dei elles Solfrid Torvund, Terje Eiken, Hilde Hartvedt og Nina Aarbø.

# Hugsar du

Ein gong i månaden er det songtreff på Café Annemor.

Samlingane som har fått namnet "Hugsar du?" er eit opplegg der ein syng ein halvtime, et ein halvime og syng ein halvtime til.

Som namnet tilseier er songane for det meste av den gamle, gode

sorten, men nokre nye er det òg gjeve plass for. Kveldane vert leia av Håkon C. Hartvedt, med svært god hjelp av Lars K. Helland på trekkspel og Jakob Vik på fiolin.

**Neste gong det er songtreff er 15. februar kl. 18.30.**



**!** Tipstelefon: 481 51 491 Neste avis kjem 04.03 Annonsefrist: 18.02 www.fitjarposten.no



**: kor i fitjar er dette?**

Kvar måned vil me presentera eit bilete frå Fitjar, og me spør:

Kor i Fitjar er motivet henta frå?

Svarfrist 20. februar



Svar sendast til Fitjarposten, Liarhaugvegen 8, 5419 FITJAR, E-post: svar@fitjarposten.no Vinnaren får tre flaxlodd.

Januarbiletet var teken ved Hellandsfjorden. Det var det fleire som visste. Vinnar av tre flaxlodd: Per Vik, Fitjar.

**: på benkjen**



Teikning: Lene Tuffeland

–Da har vore mykje vér i da siste.

–Ja, men når me høyrer om dei i nord, trur eg me må seie at me e heldige so bur her på Fitjar.

**Som Stokken ser da...**



På same måte som bensinstasjonane ikkje lenger er berre bensinstasjonar, er heller ikkje postkontora slik dei var før. No er det så mykje anna der at me lurar på korleis dette skal enda. Magnus Stokken har òg tankar om det.

**Fitjar postkontor**

Ein framandkar kom til Fitjar med bussen, Da e ikkje noko sjeldent syn. Litt stivbeint og støl i stussen gjekk han til posten for å ta ut gryn.

Han stogga i døra, forvirra han vart, Da var kje å undrast på. Han såg reol på reol med litt av kvart, det var nesten ikkje plass til å gå.


Her stod heile serien med Olsenbanden, Harry Potter og Fjols til fjells. Knalltilbud på 007 og vestlandsfanden, og halv pris på saugaskinnspels.

Da var tøysko, herre og damestøvletter, tulipanar og roser på stilk. Ein kasse med gamle Sputnikkassetar, motorsag og svenskepilk.




Teikning: Oddrun Hatlevik

**: leik med fyrstikker**




Legg 6 fyrstikker på bordet slik at dei dannar ei likesida trekant.

Flytt 3 fyrstikker slik at dei dannar ei sekskanta form.



Fjern 2 fyrstikker. Lag 3 romber med fyrstikkene du har igjen framfor deg.

Dette er ei rombel!



Flytt 4 fyrstikker slik at du sit igjen med 3 kvadratar.

**: su doku**

4		1	6			7	9
7	3		4				2
9	6			1			8
			7		5		6
5	1				7	3	
							1
6		5		3	2		
		4	8	2			
		3	1				



© www.fitjarposten.no

Alle dei opne rutene må fyllast med eit tal frå 1-9. Kvar einaste rad og kolonne må innehalda alle tal frå 1-9. Kvart storfelt på 3x3 ruter må også innehalda alle tal frå 1-9. Ingen tal kan nyttast meir enn ein gong på ei rekkje, kolonne eller storfelt.

5	4	8	4	1	6	3	6	2	
6	6	9	2	8	5	4	4	1	
4	1	2	6	6	4	5	8	9	
1	2	6	9	5	5	7	4	8	
4	3	4	6	2	8	9	1	5	
9	8	8	5	8	1	6	2	2	
6	6	6	4	3	7	2	4	5	
8	5	5	4	4	4	4	4	4	
2	3	8	9	4	4	5	1	6	
4	4	5	1	2	6	8	3	7	9

Fast!

**: tips oss!**

Har du stoff du meiner passar på denne sida, send det gjerne til oss. Stoff som kjem på trykk blir løna med eit FLAXLODD. Vanleg brev kan sendast til Fitjarposten, Liarhaugvegen 8, 5419 FITJAR (Merk konvolutt «TIPS») E-mail: tips@fitjarposten.no Tlf. 481 51 491

**: før & no**



Johannes Tveita, kom fra Amerika, og hadde med seg ein svær trunk (kofert). Han snakka så mykje om den at han vart kalla «Tronkjen». Så då han starta butikken til venstre på det gamle bildet, vart den kalla «Tronko». Seinare så kjøpte Tangen dette bygget. I dag dekkjer Larsenbygget denne tomte.

Tekstref: Tarald Vestbøstad

# JKS Bil & Deler AS

DIN LOKALE BILVERKSTAD

Tlf. 53 49 89 00

Opningstider: Mån-fre 07.30-16.00

**M=CA**  
CAR SERVICE



## DU KJENNER OSS



JO KJETIL



ARNE



EIVIND

### MECA CAR SERVICE

Er ei kjede med over 400 bilverkstader i Skandinavia. Den samla kompetansen vår gjer oss i stand til å utføre alle typar reparasjonar på alle bilmerke. Sjekk oss neste gong du skal ha bilen på service.



### PRØV OSS

Velkommen til din lokale Meca Car Service verkstad. Våre dyktige mekanikarar står klar til å ta seg av din bil. Og vi kan love konkurransedyktige prisar.



**DEFA WarmUp**

Kupøvarmer  
Motorvarmer  
EcoPlug  
Styringsenhet  
Batterilader

**Bra for miljøet, bra for bilen, bra for deg !**

### Kaffeavtalen 2006



Så mykje kaffe du berre vil for

**kr 99,-**

Mån-fre: 07.30 – 20.00 - Laur: 09.00 – 18.00 - Søn: 11.00 – 20.00

**STORT DVD-SALE**

99.50

Din musikk- og filmstasjon

**Felleskjøpet**

- vaskemiddel
- husdyrfør og tilbehør
- arbeidsklær
- hageutstyr
- gjødsel og jord
- motorsag
- delaval
- leikar
- + mykje meir!



Mån-fre: 7.30 – 20.00 - Laur: 09.00 – 18.00 - Søn: 11.00 – 20.00

**Fjordnett Internett**  
Fitjars egen bredbånds-leverandør

Fjordnett Internett leverer bredbånd og IP telefoni til "fitjarbuen"

Vi har hastigheter fra 512kbit til 4Mbit.  
Priser fra 295,-

Ring for en hyggelig bredbåndsprat i dag!

Tlf. 534 99 500 - [www.fjordnett.no](http://www.fjordnett.no)

Kontakt oss for  
**LAKKERING**



Tlf. 905 87 626

**Skiten bil?**

Prøv vårt  
sjølvvaskanlegg